



ALVER KOMMUNE  
Postboks 4  
5906 FREKHAUG

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

## Uttale - Dispensasjon - Alver 445/58 - Manger nedre - tilbygg til fritidsbustad

Vi viser til brev frå kommunen datert 15.05.2023. Saka gjeld søknad om dispensasjon frå arealføremålet industri og søknad om rammeløyve for etablering av tilbygg til eksisterande fritidsbustad på eigedom gbnr 445/58, tilbygget er opplyst å ha eit samla bruksareal på om lag 80 m<sup>2</sup> (BRA).

Eigedommen ligg i regulert område innanfor det som i reguleringsplanen for Manger industriområde, Kjebogen/planid.: 12602015000200 er definert som industriføremål, felt B12, den aktuelle eigedomen er regulert oppheva og fritidsbustaden er regulert fjerna.

### Stasforvaltaren sine merknader

Kommunen kan berre dispensere dersom omsynet bak føresegna det vert dispensert frå, omsyn til plan- og bygningslova sine formål eller nasjonale eller regionale interesser, ikkje vert vesentleg tilsidesette. I tillegg må fordelane ved å gi dispensasjon vere klart større enn ulempene, jf. plan- og bygningslova (pbl.) § 19-2 andre ledd.

Stasforvaltaren kan ikkje sjå at det er sterke nasjonale interesser i denne saka. Vi ønsker likevel å sei at samlokalisering av industri og fritidsbustad er uheldig av fleire grunnar, mellom anna konflikhtar rundt støy og støv. Området er ikkje eigna for fritidsbustader, og fritidsbustaden er også regulert til industri. Eit tilbygg til fritidsbustaden vil vere uheldig for bruk av arealet til industri i samsvar med reguleringsplanen.

Med helsing

Egil Hauge  
seksjonsleiar

Hege Brekke Hellesøe  
seniorrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

